



UNIVERSITETET I OSLO

DET HUMANISTISKE FAKULTET

Ordinær eksamen i EXPHIL03 hausten 2012 – sjølstudiumsvarianten

Tysdag 4. desember - kl 09.00-13.00 (4 timar)

Du finn heile oppgåvesettet på ei side.
Det er ikkje lov å bruke hjelpemiddel.
Du må svare på ei oppgåve frå del I og ei oppgåve frå del II.

Del I: Filosofi- og vitenskapshistorie

Anten:

Hume

Gjer greie for Hume sitt syn på erkjenning, og gjer på denne bakgrunnen greie for Hume sin analyse av årsaksomgrepet.

Eller:

Darwin

I artikkelen sin "Ikke nødvendigvis en vinge" skriv Gould om Mivart sin grunnleggjande kritikk av Darwin si utviklingslære. Gjer greie for kva denne kritikken går ut på, og for korleis Darwin si løysing på problemet såg ut. Kva for grunnar gir Gould for Darwin si løysing?

Del II: Etikk

Anten:

Dygdsetikk

Gjer greie for hovuddraga i Rosalind Hursthouse sin dygdsetikk. Kom i samband med dette også inn på kritikken hennar av to omsyn som tradisjonelt har vore sentrale i abortdebatten: Fosteret sin moralske status og dei rettane som kvinner har.

Eller:

Konsekvensar

Gjer greie for hovuddraga i utilitarisme og deontologi med utgangspunkt i Smarts og Frieds artiklar. Drøft om det vil vere rett å seie at Fried sin deontolgi ikkje tek omsyn til konsekvensar.